



Anders Hopland  
Lonevegen 2 b  
6967 HELLEVIK I FJALER

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Rune Johan Mikkelsen, 5557 2181

## Avslag på søknad om utsetting av sitkagran, Hellevik i Fjaler kommune

---

**Statsforvaltaren avslår søknaden om utplanting av sitkagran på gnr. 23 bnr. 2 i Fjaler kommune. Avslaget er gitt med heimel i forskrift om utsetjing av utanlandske treslag til skogbruksføremål, jf. naturmangfaldlova § 30.**

---

Vi viser til søknad datert 10. januar 2021, registrert inn i postmottaket hos oss 21. januar. Søknaden gjeld planting av sitkagran til skogproduksjon på gnr. 23 bnr. 2 i Fjaler kommune.

### Bakgrunn

Forskrift om utsetting av utanlandske treslag trådte i kraft 1. juli 2012, og skal hindre at planting av utanlandske treslag får uheldige følgjer for naturmangfaldet. Forskrifta har heimel i naturmangfaldlova, og det går fram av § 30 i lova at utsetting av utanlandske treslag krev løyve, og at slikt løyve ikkje kan bli gitt dersom det er grunn til å tru at utsettinga kan føre til vesentlege uheldige verknader for det biologiske mangfaldet.

Søknaden gjeld eit areal på 20 dekar, og talet på tre er i søknaden oppgitt til 4600. Det omsøkte utplantingsområdet har tidlegare vore planta til med gran, som no er felt. Ut frå flyfoto går det fram at området rundt plantefeltet består av naturskog med lauv og furu i blanding, og av søknaden går det fram at bjørk er det dominerande lauvtreslaget. Det ser også ut til å vere ein del store ospetre i området, og andre lauvtre.

Det omsøkte plantefeltet er avlangt og i praksis delt i to, med ein mindre teig i vest. På sørsida av denne teigen er det eit mindre felt med gran. Det er også planta noko gran eller sitkagran langs ein skogsveg oppover lia, og eit felt med eldre sitkagran står 200 meter lenger nord og om lag 120 meter høgare enn den største av dei omsøkte teigane. Den nedste teigen tar til like over dalbotnen ved om lag 65 moh., mens den øvste teigen når til om lag 125 moh.. Dalsida er bratt og sørvendt, mens det mot aust ligg ein markert, lang berghammar med ei mindre steinur.

Det ligg ikkje føre kjente førekomstar av verdfulle naturtypar eller raudlista artar i den aktuelle lia. Fjaler kommune fekk gjennomført naturtypekartlegging i 2004, dels i form av ei hovudfagsoppgåve ved høgskulen på Ås, med berre få og små kartlagde lokalitetar. Nokre skoglokalitetar blei kartlagde i 2013 som del av ei større kartlegging av kystfuruskog og boreal regnskog på Vestlandet. Kommunen må reknast som berre overflatisk kartlagt, og kunnskapsgrunnlaget er dermed dårleg.



## Vurdering

Artsdatabanken har i *Fremmedartslista 2018* klassifisert økologisk risiko for ei rekkje innførte artar. Sitkagran er vurdert til å vere av svært høg risiko på grunn av stort spreingspotensial, og fordi arten kan bli lokalt dominerande og skygge ut andre artar. Statsforvaltaren har forutan Artsdatabanken sine sider om framande artar vurdert eventuelle konfliktar med prioriterte og utvalde naturtypar i Naturbasen, og med raudlista artar i Artskart. I tillegg er Kilden.no sjekka for eventuelle MiS-område (miljøregistrering i skog).

I det omsøkte plantefeltet vil planting av sitka skje på eit areal der det tidlegare har vakse gran, som har om lag same negative effekt på naturtilhøva som sitkagran, og plantefeltet i seg sjølv er derfor i utgangspunktet utan spesiell naturverdi. Den aktuelle teigen er omgitt av skog. Dette vil normalt påverke effekten av frøspreiinga, men lauv- og furuskog er relativt lysopne, og ei undersøking av sitkaspreiing som er vist til i DN-utredning 8-2012 *Kunnskapsstatus for spredning og effekter av fremmede bartrær på biologisk mangfold*, fann at sitkaspreiing i skog er sterkt påverka av skogtype.

På nærliggande areal av lik storleik blei det funne éin sitkaspire i sitkaplantefelt, 16 sitkaspirar i granplantefelt, og 120 sitkaspirar i bjørkeskog. Sitka kan dessutan bli langt høgare enn dei fleste heimlege treslag, og også høgare enn vanleg gran. I tillegg veg eit sitkagranfrø berre halvparten av eit granfrø, slik at potensialet for frøspreiing er større. I ei bratt li lik den som det omsøkte arealet ligg i, vil dermed potensialet for langvegs frøspreiing med påfølgande spiring og etablering etter vårt syn vere betydeleg.

Norsk PEFC skogstandard seier i kravpunkt 19 at «*Ved skogreising og foryngelse etter hogst skal norske treslag benyttes. Der det er problemer med å etablere foryngelse med tilfredsstillende produksjon kan utenlandske treslag benyttes. Utenlandske treslag kan også benyttes i mindre omfang for produksjon av spesialkvaliteter*». Av søknaden går det fram at føremålet med treslagskiftet er å bruke det treslaget som best unngår skade frå hjortebeiting. Dette er forståeleg, men samtidig må vi legge til grunn at hjortebeiting er for høg og dels ute av kontroll over det meste av Vestlandet. Dette ser vi av beiteskadar i både naturskog og plantefelt, på frukttre og i hagar. Det blir sett opp stadig fleire hjortegjerde i fruktdyrkingsområde, og det er i enkelte naturreservat nødvendig å kle alm med netting for å hindre at trea blir øydelagde av hjortegneg. Fleire stader er øydeleggingane på ask og alm så omfattande at både rekruttering og gamle tre går tapt.

Det kan vere at sitkagran er noko mindre utsett for beiteskade av hjort enn vanleg gran, men det ligg føre lite data om dette, og det er kjent at nokre sitkaplantefelt har blitt sterkt skadde av hjort. Uansett er det likevel slik at dersom ein skulle gå over til å bruke sitka som produksjonstre i alle delar av Vestlandet med mye hjort, ville det i praksis bety ein generell overgang til sitka i skogbruket. Dette er ikkje i tråd gjeldande føringar i forskrift om utsetting av utanlandske treslag eller dei vitskaplege råda som ligg til grunn for at bruk av sitka blir vurdert til å ha svært stor økologisk risiko. Hjortebeiting kan etter vårt syn derfor ikkje i utgangspunktet brukast som argument for planting av sitka.

I søknaden blir det argumentert for at planting av sitkagran vil føre til binding av CO<sub>2</sub>. Slik binding er ein eigenskap ved alle grønne plantar, og det viktigaste i eit klimaperspektiv er at arealet forblir skogkledd, enten i form av planteskog eller naturskog. For å berekne karbonbindinga ved ulike typar skog må ei rekke faktorar takast med, som treslag, bonitet og skogen sitt bidrag til karbonbinding i jordsmonnet. Ved skogplanting for hogst vil også val av hogstteknikk vere medverkande til i kva grad karbon blir frigjort frå jordsmonnet, og dermed kva netto karbonbinding skogen bidreg til. Vi er samde i at karbonbinding i skog er eit viktig mål, og slik binding kan også oppnåast gjennom andre treslag enn sitka.



## Vedtak

Kunnskapen om naturmangfaldet i Fjaler er høgst mangelfull. Etter den første naturtypekartlegginga i 2004 er det berre gjort sporadisk og lokal kartlegging, og spesielt må kunnskapen om miljøverdiar i skog seiast å vere mangelfull. Det omsøkte utplantingsområdet er ikkje undersøkt, og vi meiner at kunnskapskravet i naturmangfaldlova § 8 ikkje er godt nok oppfylt til å konkludere med at utplanting som skissert i søknaden ikkje over tid vil kunne føre til vesentlege uheldige verknader. Sitkagran er av Artsdatabanken klassifisert til å vere ein framand art med svært høg økologisk risiko. Vi viser også til § 9 i naturmangfaldlova som seier at *«når det treffes en beslutning utan at det foreligger tilstrekkeleg kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet.»*

Det må reknast med frøspreiing utanfor det omsøkte området, som ligg i ei bratt li. Søknaden viser ikkje til noko opplegg for å handtere slik frøspreiing. Vi meiner dessutan at hjortebeiting på andre treslag ikkje kan brukast som argument for bruk av sitkagran, ettersom hjortebestandane på Vestlandet generelt er så store at beiteskadar må påreknast overalt. Det vil ikkje vere god naturforvaltning dersom eit naturmangfald som allereie er tungt belasta av ein unaturleg stor hjortestamme skal bli påført ytterlegare belastningar i form av framande treslag med stort potensial for negativ verknad på økosystema.

Statsforvaltaren avslår søknaden om utplanting av sitkagran på gnr. 23 bnr. 2 i Fjaler kommune. Avslaget er gitt med heimel i forskrift om utsetjing av utanlandske treslag til skogbruksføremål, jf. naturmangfaldlova § 30.

## Klage

Dette vedtaket kan påklagast innan 3 veker etter at brevet er motteke, jf. reglane i forvaltingslova. Klagen sendast til Statsforvaltaren i Vestland, og blir avgjort av Miljødirektoratet dersom Statsforvaltaren ikkje gjer om vedtaket.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*